



Arkivnr: 2015/11453-98  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		14.09.2017

### Tilsetting av administrativ og fagleg leing ved Hordaland helsefagskole

#### Samandrag

Tidlegare rektor ved Fusa vidaregåande skule, Tor Johannes Hjertnes, slutta i stillinga 31. juli 2017. Hjertnes var tilsett som rektor for Fusa vgs og som administrativ og fagleg leiar ved Hordaland helsefagskole.

Håvard Ragnhildstveit vart tilsett som rektor for Fusa vgs per 1. august 2017, medan Hjertnes har fungert som administrativ og fagleg leiar for helsefagskulen fram til no. Det er styret for Fagskolane i Hordaland som jf. fagskulelova skal tilsette administrativ og fagleg leiar ved fagskulane.

#### Forslag til vedtak

Håvard Ragnhildstveit vert tilsett som administrativ og fagleg leiar ved Hordaland helsefagskole.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg  
1 Tilsettingsbrev

**Fylkesrådmannen, 28.08.2017**

Tidlegare rektor ved Fusa vidaregåande skule, Tor Johannes Hjertnes, slutta i sin stilling 31. juli. Hjertnes var tilsett som rektor for Fusa vgs og som administrativ og fagleg leiar ved Hordaland helsefagskole. Håvard Ragnhildstveit vart tilsett som rektor for Fusa vgs per 1. august 2017, medan Hjertnes har fungert som administrativ og fagleg leiar for helsefagskulen fram til no. Det er styret for Fagskolane i Hordaland som jf. fagskulelova skal tilsette administrativ og fagleg leiar ved fagskulane.

Håvard Ragnhildstveit er 48 år og kjem frå Hålandsdalen i Fusa kommune. Før han vart tilsett som rektor ved Fusa vgs var han sektorleiar for oppvekst og kultur i Samnanger kommune (1 ½ år). Ragnhildstveit har tidlegare vore tilsett ved Fusa vidaregåande skule som avdelingsleiar og ass. rektor (3 år). Ragnhildstveit har erfaring både som lærar og rektor i grunnskulen (14 år). Han har utdanning som allmennlærer med fordjuping innan kroppsøving og omfattande vidareutdanning innan rettleiing, organisasjon og leiing. I tillegg er Ragnhildstveit utdanna røykdykkar.

Ragnhildstveit har lang og variert erfaring både som skuleleiar, sektorleiar og rettleiar. Han har vore prosjektleiar for fleire prosjekt i kommunal sektor og har sidan 2011 vore knytt til både Utdanningsdirektoratet sitt rettleiarkorps og Læringsmiljøsentret sitt læringsmiljøprosjekt retta mot kommunar med vedvarande høge mobbetal.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at styret tilsett Håvard Ragnhildstveit som administrativ og fagleg leiar ved Hordaland helsefagskole.